

Årsmelding for 2005

Dette året har styret i Sandsøy IL bestått av: Anders Bringsvor (leiar), Kristin Grande (nestleiar), Janniche Erlandsen (sekretær), Svein Helge Bringsvor (kasserar), Daniel Halsebakk (styremedlem). Varafolk til styret har vore Harald Våge og Oddbjørg E. Olsen. I byrjinga av mai ytra Janniche ønske om å få sleppe styrevervet. Vi spurte derfor Bjørn Thore Hansen om å ta over og det ville han.

Vi har hatt eit bra driftsår i idrettslaget, der vi har hatt 6 styremøter.

Aktive grupper i Sandsøy IL er fotball- og trimgruppa.

I år hadde Sandsøy IL fire aldersbestemte fotball-lag påmeldt i kretsen, minigutt, lillegutt, smågutte og gutte, til saman 48 fotballspelarar. Det er lenge sidan sist vi har hatt så mange lag i aksjon.

13. mai blei det arrangert dommarkurs for dei eldste. Årskog frå dommarkomiteen i Sunnmøre Fotballkrets stilte som kurshaldar for dei åtte som hadde møtt opp. Viser elles til årsrapport frå dei enskilde laga.

Trimgruppa opplever som vanlig stor deltaking, vi viser til årsrapporten frå trimgruppa.

4. juni arrangerte vi tombola på Dollstun. Vi fekk inn bra med gevinstar og som vanlig stilte bygdefolket opp og kjøpte lodd til bøttene var tomme.

25. juni blei det arrangert oldboyscup i Oshaugane. Herrelag frå Sandsøy, Kvamsøy og Gursken, og damelag frå Sandsøy og Kvamsøy stilte. Omlag 150 betalande tilskodarar fekk sjå at det fortsatt er krutt i gamle bein.

I løpet av året bestilte vi lodd i Fotball-lotteriet. Lodda, omlag 350 stykker, blei fordelte mellom spelarane på fotball-laga for vidare salg. Dei store premiane fekk vi ikkje vite om, men overskotet vart ei god og kjærkomen ekstraintekt for idrettslaget

I anledning "Arthur-helga" tilbød vi båtfolket kai plass ved Sandefisk og for dei som trengte ein plass for teltet sitt eller campingvogna si, heldt vi campingplass ved Sandefisk og på området ovafor Fiskarheimen. 14 båtgjestar og 8 campingturistar var beholdninga når helga var omme. Ikkje den heilt store oppslutnaden, men vi vart ei erfaring rikare.

Vi vil nytte sjansen til å takke Sandefisk for kai med straum, campingområde og gode fiskekaker. Også ein takk til Solveig Bringsvor for lån av campingområde ved Fiskarheimen.

Anleggsmessig er det oppdaga svekkingar på bardunane til lysstolpane på stadion. Stålwirane er i ferd med å ruste opp. Dette skal rettast opp i løpet av 2006, i tillegg skal lysa reparerast.

Medlemskontingent i idrettslaget for 2005 var slik:

- born 50,-
- vaksne 100,-
- familie 200,-

Alle medlemmar får rabatt på kjøp av sportsutstyr hos Voksøy AS.

Dette året har vi hatt 95 medlemmar. Det er over ei dobling i forhold til året før og vi håper på like mange i 2006.

Når det gjelder økonomien i laget viser vi til ei meir detaljert melding frå økonomiansvarleg.

RAPPORT TRIMGRUPPA 2005

Det har vore eit særst aktivt år for trimgruppa. Det starta med påska og 7-toppstur og turmarsj Dollstun-Hellandsvågane.

Det vart ein fantastisk dag både vèrmessig og når det gjeld oppmøte. På 7-toppsturen var det 64 deltakarar, derav 23 barn, og på turmarsjen var det 63 deltakarar. Vi fekk mange gode tilbakemeldingar, og alle er einingse om at det er eit arrangement som bør verte ein årvisse tradisjon. Det bør då verte eit arrangement for heile idrettslaget og ikkje berre trimgruppa.

Det har i år vore friluftlivets år, og det har vi også markert. Vi laga rundskriv før påske, der vi hadde satt opp ein fellestur til kvar "bok" slik at alle skulle få sjansen til å verte kjende med alle turløypene våre. Dette vart ingen suksess. Stort sett vi sjølve med familiar møtte opp til start, men vi gjennomførte dei fleste fellesturane. Vi konkluderer derfor med at fellesturar utan "noko attåt" ikkje er noko å satse på for oss.

I forbindelse med Kong Arthur-helga hadde vi eit samarbeid med Sunnmørsposten om Til topps tur på Rinden. Det vart ein kjempesuksess med ein av dei få fineversdagane dette året og 500 deltakarar!! Veldig kjekt.

Vi har sjølvsagt heile året hatt liggande ute trimbøkene som vanleg. Dei fleste er godt besøkte, og vi ser at stadig fleire utanfrå/turistar også no brukar desse. Vi har hatt liggande kart med innteikna løyper på butikken i tillegg til plakat. Vi arbeider med å få laga eit betre kart, men det tek litt tid. Totalt har vi talt opp 4518 innskrivingar i alle bøkene. Dette er inkl. eit par flittige hundar (Spot og Olrik), og sjølvsagt Sunnmørspost-turen.

Fordelingane på dei forskjellige bøkene er slik:

Hellandsvågane	604 turar
Kleivneset	366 turar
Grøntua	307 turar
Kletten	525 turar
Rinden	1500 turar
Dollsteinen	699 turar
Trollhola	148 turar
Voksehaugen	369 turar

Vi må spesielt nemne to karar som har vore ekstra flittige til å gå på Rinden, og det er Vebjørn Støyle Bringsvor med 268 turar og Dan Espen Sande med 217 turar. Utruleg godt gjort!!

Det har i år også vore ny rekord i antal born som har oppnådd poeng til premie ved å gå på alle bøkene. Vi har vel aldri før måtte ha bestilt 27 premier. Det er vi veldig fornøgte med.

Trimgruppa for 2005 takkar for seg, og ser fram til eit like godt turår i 2006.

Sandshamn, februar 2006

Kristin Grande Gunnhild Bringsvor Gunhild Anfinnsen Brit Synnøve Våge

Ragnhild Våge Støyle
Oddbjørg Einang Olsen
6089 Sandshamn

Sandshamn 24.02.06.

Sandsøy Idrettslag
6089 Sandshamn

Rapport 2005 Fotball – Lillegutt 12 Born fødte i 1993 og 1994

Laget har bestått av 12 spelarar , både gutar og jenter. Desse har vore med på laget :
Ingrid B. Voksøy, June Erlandsen, Alexander Bringsvor, Kent Arne S. Stranden, Haakon
Kristian Våge Støyle, Vebjørn Støyle Bringsvor, Cathrine S. Follestad, Amalie Sofie O.
Vorren, Eirik V. Bringsvor, Torstein Helland Hansen, Kjell Even Toftesund og Kristian H.
Skare.

Eirik V. Bringsvor og Haakon Kristian V. Støyle har delt på å vere målmenn. Dette har
fungert ganske greitt, men ein ser vel at fleire bør trene for å stå i mål dersom uforutsette ting
oppstår.

Trenar for laget denne sesongen har vore Arnvald Bringsvor . Han har gjort ein flott jobb og
teke mykje ansvar. I starten var det trening fredagar frå klokka 18.00.- 19.30. Etter kvart
som kampene byrja måtte treningane føregå på andre vekedagar også.

Laget fekk spele 11 av 12 oppsette kampar. For det meste var det greie forhold og der var
ikkje kampar som hadde alt for store målforskjellar .

Vi har ikkje vore med på noko turneringar eller andre kampar. Vi hadde tenkt å vere med på
Gursken – Cup, men laget fekk aldri den informasjonen vi måtte ha for å ta del der.

I starten av sesongen laga oppmennene ein plan over kampar og køylerute for foreldra. Dette
har fungert greitt og foreldra har stilt opp når dei skulle.

Som avslutning på fotballsesongen for denne gruppa reiste vi på bowling til Ulsteinvik. Alle,
både store og små såg ut til å ha det flott på denne avslutninga.

Ragnhild V. Støyle
Ragnhild Våge Støyle

Oddbjørg E. Olsen
Oddbjørg Einang Olsen

Rapport minigutt - 97.

Denne sesongen starta vi med 10 spelere
men enda opp med 8 stk ettekvart.
(7 gutter og 1 jente)

Vi har spelt 4 turneringar i serien,
3 kampar på kvar turnering.

I vår pulje var Hedd, Tjorvåg, Larsnes
og Sandsøy.

Vi var også med på Gurstein cup og

som sesong avslutning reiste vi til Ålesund
og var med på Jalmar fotball festival og der
vann vi namne konkurranse "Holmesprettane"
Ellers har alle spelereane tatt minimerke

(fjerdedignets merke i fotball)

Anders Bringsvør har trenat laget og Kristin Grande
har hjelpt til.

ÅRSMELDING FOR G14. 07 AVD. 1 SMÅGUTT 2005

Dei som har vore med på laget er born fødde i 1991 og 1992:

1991

Kim van Iwaarden	Thomas V. Bringsvor
Helena Våge Rusten	Anders Våge
Malene Follestad	Sivert Olai O. Worren

1992

Solveig Våge Rusten	Ragnhild Våge Rusten
Camilla Flatøy	Kristoffer Strand
Jens Robert Helland	Sivert Helland Hansen
Dan Espen Sande	Olav Helland Skare

Oppmenn/lagleiarar har vore Monika Flatøy og Lisbeth Helland.

Arnvald Bringsvor har vore hovudtrenar for laget. I tillegg har laget kunne trene saman med gutelaget laurdagane.

Treningar onsdager kl 18.30 – 20.00 Arnvald Bringsvor trenar.
Treningar laurdagar kl 14.00 – 16.00 Daniel Halsebakk trener.

Når laget har spelt bortekampar har det vore oppsett køyreliste der foreldra har køyrdt ein gong vårhalvåret og ein gong haushalvåret. Dersom det ikkje har passa med oppsette køyredagar har ein bytta innbyrdes. Dette har gått greit.

Laget har ikkje delteke på nokon cup eller turnering.
Som avslutning på sesongen var laget på tur til Color Line stadion og såg kampen mellom AafK og Lyn. Dette var svært vellykka.

Sandshamn, 01.03.06

Lagei tapte 7 kamper

" vann 5 kamper

Ikke avgjort.

Scoret 50 mål

Slepte inn 62 mål